



SIRI M. KVAMME
Forfatter

Opne dører. Lukka rom

«Å skrive er å åpne de dørene vi helst vil lukke, å gå inn i de rommene vi helst går forbi,» sa Tomas Espedal i Bokprogrammet på NRK denne veka. Slik er det med god litteratur.

Den er ikkje alltid behageleg, den er ikkje alltid fin, den seier ikkje alltid det vi vil høyre, men den rører ved noko i oss. Og vi har godt av å løft blikket, å dykke ned, utvide horisonten.

«Det finnes en stor åpen plass i Bordeaux» av Hanne Ørstavik og «Bergeners» av Tomas Espedal er to vidt forskjellige bøker, men dei handlar begge om å vere einsam, på kvar sin måte.

Espedal fortset sitt sjølvbiografiske prosjekt. Igjen skriv han godt. Igjen rører han ved det som verkar i oss. Bergeners handlar om ein mann på femti som blir forlaten av kjærasten, og så flyttar dottera, slik døtrer gjer når dei når ein viss alder og skal ut i verda. Så er han åleine i huset med all denne gjenklagen frå tidlegare tider. Som om kvinnene sit i veggene, går over golva, finst og finst ikkje. Det er den vonde einsemda. Den som ikkje er valt.

I «Det finnes en stor åpen plass i Bordeaux» skriv Hanne Ørstavik om ei kvinne som nærmar seg ein mann. Johannes. Ho vil ha han. Ho har bestemt seg for det. Ho har opna seg opp for kjærleiken. For seksualiteten. Ho vil dele det med han. Men Johannes opnar ikkje opp for henne. Om nettene går han ut og møter andre kvinner, i mørkret, utan henne. For henne vil han ikkje ha, ikkje på den måten. Denne bortvendte mannen. Desse stadige avvisingane. Det er også ei einsemd i det. Ei vond einsemd.

Som forfatter må ein like å vere åleine. Ein må velje det med glede, om att og om att. Det må vere nødvendig å få denne tida borte frå alle andre.

Ein kan ikkje leve utan å ha mogelegheita til å gå inn i dette rommet, lukke døra bak seg, for å tenkje lange tankar, for å skrive, for at orda skal kome, for å bli kjent med karakterane, landskapet, romma dei går i, korleis dei snakkar, kva dei betyr for kvarandre. Romankarakterane.

Så er ein kanskje ikkje heilt åleine. Ein har språket. Livet ein forskar i. Det er den andre måten å vere åleine på. Den gode måten. Det er ei valt einsemd. Ei nødvendig einsemd. Ikkje eigentleg einsam. Åleine.

Einsemd er den du ikkje vel. Den du må leve i. Fordi mannen din har døydd, fordi du ikkje klarte å bu med han lenger, fordi ungane dine har flytta, fordi du er gamal, eller sjuk. Eller du veit ikkje. Kanskje du har angst. Kanskje har det berre alltid vore slik? Den einsemda vi fryktar.

Eg likar å vere åleine, eg lengtar etter det. Eg må vere åleine. Det er som ei verk i kroppen. Eg må tenkje. Eg må skrive. Eg må vere åleine. Men einsemda fryktar eg. Den du ikkje kan vri deg unna. Den der stille, langsame einsemda som møter ein om morgonen og kvelden og midt på dagen på veg til postkassa og då blir det fort skummelt å gå ut og møte andre. For kva skal ein seie? Den der einsemda når ein vert glad for at telefonseljaren ringjer, men må reinske halsen fordi ein ikkje har snakka med nokon på tre dagar.

«Hvis du er ensom. Vær enda mer ensom», seier Tomas Espedal i Bokprogrammet. Når han kjende seg einsam, så reiste han langt vekk og var verkeleg åleine på ein stad der ingen kjende han og han ikkje kjende nokon. Ein stad det knapt budde folk.

Det kan også vere ei erfaring. Ei erfaring for hardhausar, eller forfattarar som treng råstoff til bøkene sine. Det er for smerteforskarane. Vi som opnar dei dørene andre lukkar, som går inn i dei romma andre går forbi. Som utforskar kompleksiteten i tilværet, snarare enn å lage kjappe svar og enkle løysingar.

Eg står på kanten av ein ny roman. Anar konturane av eit landskap. Nokre karakterar. Fleire historier. Fiksjonen drar i meg, boka lokkar, eg lengtar inn dit. Som ei verk i kroppen, eit press i bringa. Kjenner korleis eg trekkjer meg tilbake, stenger av, finn eit anna fokus.

Eg gler meg til å gå inn i det rommet, lukke døra bak meg, hoppe utfor stupet og flyte på språket inn ein klar, crisp haustdag med alle moglegheiter opne og blå, blå himmel.

Vere åleine på den gode måten.



RUNAR SKARSTEIN
Banksjef



TRINE STYVE VARLO
Journalist



SIMON NÆSSE
Jurist og politiker